

Miniguide: Desse pliktene har lag og ideelle organisasjonar som arbeidsgivarar

1 Innleiing

Idrettslag og ideelle organisasjonar går gjerne under nemninga «ikkje skattepliktig». Føresetnaden er at dei ikkje har som formål å tene pengar.

Likevel har slike lag/organisasjonar plikter som arbeidsgivar. Om dei er over ein viss storleik, kan dei vera plikta til årsrekneskap og bokføring. Når dei ikkje er bokføringspliktige, skal dei føre lønningsliste for ein kvar som mottar lønn eller anna godtgjering. Då kan laget/organisasjonen gi lønnsopplysingar i ei a-melding, som skattemyndigheitene kan kontrollere.

Du finn meir informasjon om skatt på oskommune.no/skatt-og-naring/skatt-og-avgift/

Meir om skatt, rekneskaps- og bokføringsplikt, og arbeidsgivarplikter finn du hos Skatteetaten:

skatteetaten.no/no/Bedrift-og-organisasjon/rapportering-og-bransjer/friv-org-tro-liv/Skatt-for-frivillige-og-ideelle-organisasjoner

2 Orddefinisjonar

Arbeidsgivar

er eit lag eller ein organisasjon som betaler godtgjering for arbeid eller innsats. Dei er ikkje rekna som arbeidsgivarar dersom den som får godtgjersla, gjer arbeidet som del av eigen næringsverksemd.

Arbeidstakar

er eit medlem eller annan som mottar godtgjering frå laget/organisasjonen.

Lønn eller naturalytingar

er godtgjersla arbeidstakaren får for å ha gjort arbeid eller innsats for laget/organisasjonen. Naturalytingar er godtgjering i anna form enn pengar.

Utgiftsgodtgjering

er godtgjering for å dekke utgifter som medlemmen (arbeidstakaren) har hatt for å gjere arbeid eller innsats for laget/organisasjonen.

Trekkfri utgiftsgodtgjering

vil seie at utgiftene er dokumenterte med reiserekning, eller at godtgjersla blir betalt ut i samsvar med satsar, legitimasjonskrav og tariffavtale/statleg regulativ.

3 Særreglar for idrettslag og ideelle organisasjonar

3.1 Kva tid skal vi skatte for lønnsbetalingar?

Når samla lønnsbetaling (inkludert naturalyting) til éin person i løpet av året er over 10.000 kroner, er arbeidstakaren skattepliktig for heile summen.

3.2 Kva tid skal vi trekke forskotstrekk?

Når samla lønnsutbetaling (inkludert naturalyting) i løpet av året er over 10.000 kroner, må arbeidsgivar trekke forskotstrekk av lønna til arbeidstakaren.

Arbeidsgivar skal ikkje trekke skatt av ei trekkfri utgiftsgodtgjering som dekker utgifter arbeidstakaren har hatt for laget/organisasjonen.

3.3 Kva tid skal vi rapportere lønn?

Når samla lønnsutbetaling (inkludert naturalyting) i løpet av året er over 10.000 kroner, skal arbeidsgivar rapportere heile summen som trekkpliktig lønn.

3.4 Kva tid må vi rapportere trekkfri utgiftsgodtgjering?

Når trekkfrie utgiftsgodtgjeringer er over 10.000 kroner til éin person per år, må laget/organisasjonen rapportere heile summen som trekkfri (og skattefri) godtgjering.

Trekkfri utgiftsgodtgjering på inntil 10.000 kroner til éin person for å dekke utgifter arbeidstakaren har hatt for organisasjonen, må *ikkje* rapporterast. Men laget/organisasjonen må dokumentere at utbetalinga gjeld ei trekkfri utgiftsgodtgjering. Viss ikkje, er det rekna som lønn.

3.5 Kva tid er arbeidsreiser fritatt skatt?

Ideelle organisasjonar kan dekke arbeidsreiser skattefritt dersom lønn og naturalytingar frå organisasjonen ikkje overstiger 60.000 kroner.

Laget kan altså dekke transport for eksempel mellom ein trenar sin heim og arbeidsstad, utan at beløpet skal skattast av. Bilgodtgjersla kan ikkje overstige Skattedirektoratet sine satsar for skattefrie bilgodtgjeringer. I tillegg må arbeidstakaren fylle ut reiserekning. Ved refusjon av reiseutgifter, må arbeidstakar legge fram kvittering.

Grensa på 60.000 kroner er absolutt. Overstiger summen av ytingar 60.000 kroner, er all dekking av arbeidsreise skattepliktig.

Når laget/organisasjonen betaler ut meir enn 10.000 kroner, skal dei rapportere han som trekkfri bilgodtgjering, sjølv om arbeidsreiser er skattefrie.

3.6 Kva tid må vi betale arbeidsgivaravgift?

Laget/organisasjonen må betale arbeidsgivaravgift når lønnsbetaling (inkludert naturalyting) overstiger 60.000 kroner per arbeidstakar per år, eller 600.000 kroner samla for heile organisasjonen per år. Betalingar under desse beløpa er fritatt for arbeidsgivaravgift.

3.6.1 Korleis spelar lønning frå underordna lag/organisasjonar inn?

Beløpsgrensene for fritak for arbeidsgivaravgifta, inkluderer betalingar frå undereiningar som ikkje er organiserte som sjølvstendige juridiske einingar med eigne organisasjonsnummer.

Her er eit eksempel: Ei idrettsforeining har delt opp organisasjonen med eigne avdelingar for turn, langrenn og fotball. Avdelingane er ikkje sjølvstendige, juridiske einingar. Dersom turnavdelinga har betalt ut 400.000 kroner i lønn i løpet av eit år, og langrennsavdelinga har betalt ut 300.000 kroner, skal organisasjonen betale arbeidsgivaravgift.

4 Slik rapporterer du

4.1 I månedleg rapportering med A-melding

Dersom lag/organisasjonar har gjort utbetalingar som pliktar dei til å gjennomføra forskotstrekk eller til å rapportere skattefrie utbetalingar, skal dei rapportere dette i ei månedleg A-melding.

A-melding (A01) sender du elektronisk via lønns- og personalsystem eller via Altinn-portalen. I Altinn ligg a-melding under «Skjema og tenester».

4.2 Kva om laget/organisasjonen berre har små, enkeltstående utbetalingar?

Då kan laget/organisasjonen bruke skjema AO5, som er ei forenkla oppgjersordning.

Nærmare informasjon om a-meldinga og rettleiing for korleis du rapporterer, ligg på www.altinn.no.

5 Skattedirektoratet sine satsar for skattefrie utgiftsgodtgjering i 2017

5.1 Bilgodtgjering

3,50 kroner per kilometer

5.2 Kostgodtgjering – innanlands

5.2.1 For dagsreiser på minst 15 kilometer

Frå og med 6 timer inntil 12 timar utan dokumentasjon: sats 289 kroner

For reiser over 12 timar utan dokumentasjon: sats 537 kroner

5.2.2 For reiser med overnatting på hotell:

Ved reiser på 12 timar eller meir: hotellsats 733 kroner

VIKTIG: Betaling av desse satsane utan forskotstrekk gjeld berre når legitimasjons- og dokumentasjonskrav er oppfylt. Det vil seie når reiserekning er korrekt utfylt.

Skatteetaten oppdaterer satsane årleg. Sjå skatteetaten.no under Satsar.

6 Ver i forkant, spør oss!

Skatteoppkrevjaren i Tysnes er ein samarbeidspartnar. Vi er her for å hjelpe deg. Ta kontakt med éin gong du er usikker på reglane.

Ring oss på telefon 56 57 50 00

skatt@os-ho.kommune.no